# Årsmelding 1982

Asbjørn Vorren (formann), Bjarne Hide (nestformann), Tor Arne Bringsvor (kasserar), Jorunn Rusten (sekretær), Karly Bringsvor.

I år har styret berre hatt 3 møter, altså ikkje det heilt store talet.

Den viktigaste oppgåva som hittil har vore arbeidd med, Oshaugane Stadion, er no fullført, og bana vart opna den 17. april. Då vart det spela Sandsøy cupen, som vart vunnen av Kvamsøy fotball-lag. Den dagen var ein stor dag, både for dei som har arbeidt på bana, dei aktive idrettsutøvarane og for mange av bygdefolket òg, vil ein tru. Mange hadde møtt fram, og både kommunen og Sunnmøre Fotballkrins var representerte. Sidan har bana vore jamt i bruk både til treningar og kampar, og folk har vore flinke til å møte opp og heie på laga våre.

Talet på medlemmar i idrettslaget har gått noko ned, men vi håper på at fleire vil kome med i 1983.

Styret for 1982 vil ynskje det nye styret lykke til med det vidare arbeidet.

Årsmøte på Dollstua den 26/11.-82 kl. 19<u>30</u>.

Mykje folk hadde møtt fram, både born og vaksne. Asbjørn Vorren ynskte velkomen, og orienterte litt om arbeidet i laget. Sekretæren las opp årsmeldinga, og deretter las kassereren, Tor-Arne Bringsvor, opp rekneskapen, som vart godkjend utan kommentarar. Av den kan nemnast at totalkosnaden ~~til~~ idrettsbana vert kr. 653.755,- Ein sum som er nokså ~~tite~~ nær den same som då bana vart kostnadsrekna i 1980.

Det vart vedteke at oppmennene til kvart av laga dannar gruppe og at ein av dei skal veljast inn i fotballstyret. Vidare vart òg vedteke ei prøveordning med kiosk styret (formann + 6 medl.), kontigenten skal vere som før og frå 1983 ~~skal~~ kan to av styret gå ut og to nye ~~skal~~ kan veljast, året etter vert det tre som går ut og tre nye som skal veljast

Senior fotball-laget fekk 6 poeng i sin serie
Gute — " — kom på siste plass i sin og
Smågute — " — på nest siste plass i sin serie

Lilleputtane har berre spelt på Larsnesdagane og der kom dei på nest siste plass.

Miniputtane spelte òg berre ein gong og plasserte seg fint. Damelaget har vunne 3 kampar i år, dei spelar ikkje i serie. Den største vansken for fotballen er

mangelen på trenera, men ein vonar det vil rette seg på nyåret, då har ein gjeng vore på kurs i Vågen.
Diplomar vart så utdelte til alle gutelaga.
Damene måtte nøye seg med applaus frå forsamlinga, til tross for at det er dei som har gjordt det best i år.
Oddrun Vorren orienterte så om aktivitetane til friidrettsgruppa. Av det kan nemnast at dei har delteke i løp både i Fosnavåg, Ulsteinvik, Hareid og Åheim med bra plasseringar.
Frå trimgruppa var det John S. Bringsvor og Ingeborg Våge som trekte vinnarane av: ~~[illegible]~~
Vågen rundt: Fred Idsøe Voksøy, Myrane rundt: Oddrun Helland, Voksa rundt: Gisle Baade.
Kletten: Leif Kåre Worren 15 gonger
Dollsteinen: Johan Bringsvor 17 —"—
"Øyna": Per Ivar Våge 22 —"—
På desse plassane har det vore utlagde bøker der folk kunna skrive namna sine.
Så tok Bjarne Hide over og takka Asbjørn Vorren for den innsatsen han gjordt for idrettslaget, han har vore med laga på kampar, han har arbeidt på bana og elles gjordt ein fantastisk jobb i den tida han har vore formann.
Det vart servert mat og kaffi og brus. På kjøkenet var det Karly Bringsvor, Oddrun Vorren og Rigmor Bringsvor som styrte, men sjølve serveringa var det damelaget som stod for.
Etter matpausen tok formannen i valgkomiteen, ~~[illegible]~~ Andreas Myklebust over og leidde valget som gjekk svært greitt for seg. Resultata vart slik:
over til neste side

Hovedstyre

Formann: Bjarne Hide
Nestformann: Torunn Rusten
Kasserar: ~~Nina Sande~~ Tor Arne Bringsvor
Sekretar: Nina Sande
Styremedlem: Bjørn Myklebust

Fotballstyre

Formann: Asbjørn Vorren
Oppmann senior: Bjørn Myklebust
Oppmann damer: Randi Einang Olsen
Oppmann gutar: John Longva
Oppmann smågutar: Asbjørn Vorren
Oppmann lilleputt/minipútt: Arnvald Bringsvor
Oppmann jenter: Janne Helland.

Banenemnd

Formann: Per Våge
Gruppe 1: 1. Per Våge
2. Rolf Haugen
3. Terry Myklebust
Gruppe 2: 1. Svein Helge Bringsvor
2. Alf O. Våge
3. Sevrin S. Helland
Gruppe 3: 1. Melvin Helland
2. Kjell Borger Østlund
3. Ragnvald Halsebakk

Utdanningskontakt: Bjarne Hide.

Repr. kontaktutvalet: formann Bjarne Hide. Varam: Melvin Helland
Revisorar: Andreas Myklebust. Oddvin Rusten.

Kioskstyre

Formann (vert vald seinare

Medlem: Aslaug Bringsvor
— " — Solhild Bringsvor
— " — Anita Myklebust
— " — Reidun Haugen
— " — Oddrun Helland
— " — Ingrid Baade
— " — Oddrun Bitveit

Friidrettsgruppe

Formann: Oddrun Vorren

Medlem: Dagny Skare
— " — Peder Eltvik
— " — Svanhild Bringsvor
— " — Steinar Soldal

Trimgruppe:

Formann: Ingeborg Våge

Medlem: John S. Bringsvor
— " — Svanhild Myklebust
— " — Dagfinn Bringsvor
— " — Jorunn Hide

Lysnemnd

Formann: Andreas Myklebust

Medlem: Bjarne Strømsnes
— " — Bjarne Hide
— " — Rolf Haugen
— " — Björn Baade

Valnemnd: Andreas Myklebust form.
Herbjörg Våge
Bjarne Strømsnes.